
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: fredag 3. mai 2019 15:10
Til: 'terje@eknesas.no'
Emne: Status for søknad om frådelling av område B32 - sak 19/676 - gbnr 239/6 Eknes

Hei.

Vi viser til telefonsamtale den 02.04.2019 og søknad om frådelling av ca. 20 mål til bustad, område B32 – gbnr 239/6.

Planstatus

Eigedomen uregulert og ligg innafør det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 er definert som bustadføre mål. Vi er kjent med at det ligg føre ein planbeskrivelse for detaljregulering med dato 12.11.2018 for området B32 med namn Snekkeviken, Eknes, som Snekkeviken Utvikling AS står bak. Føremålet er å få området regulert i ein reguleringsplan.

Vi treng ein skriftleg tilbakemelding (e-post kan nyttast) om det er ønskeleg å trekkje innsendt søknad eller få den handsama slik den ligg føre. Ved handsaming av søknaden slik den ligg føre, vert det gjeve ytterligare veiledning for å kunne få ein komplett søknad, herunder krav til søknad om dispensasjon frå plankravet for 20 mål til bustad, nabovarsling, oppdatert situasjonskart, utgreiing om vatn- avløp og vegløysningar for bustadane mv. Komplett søknad vert sendt på høyring til regionale mynde, herunder Fylkesmannen. Samla sakshandsamingstid er inntil 16 veker.

Førebels vurdering

Administrasjonen er ikkje positivt innstilt til å gje dispensasjon frå plankravet for 20 mål til bustad. Etter vår vurdering vil område B32 krevje reguleringsplan.

Frist for tilbakemelding vert sett til 16.05.2019.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 01
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

